



Innkalling
av
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 30.03.2023
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: kl.10:00 - 11:00

Eventuelle forfall må meldast til Runar Ludvigsen per tlf. 56192100, sms til eller per epost til runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
009/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/23	Godkjenning av møtebok
011/23	Referatsaker og meldingar
1	Fråsegn frå årsmøtet til LOP Bergen og omland lokallag
012/23	Innspel til utstyr på utstyrssentralen
013/23	Andre saker/spørsmål

24. mars 2023

Inge Johannes Reigstad
møteleiar

Runar Ludvigsen
Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hilde Revheim Sture	23/893

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/893

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 16.02.2023

Møteprotokoll frå vert godkjend.

Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

Møteprotokoll

for

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 16.02.2023
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: kl. 13:30 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Inge Johannes Reigstad		Utvalsleiar
Aksel Låstad		Nestleiar
Dagrun Vevle		Medlem
Ingvild Stuberg		Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Oddvar Melchersen		Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
001/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møtebok
003/23	Behov for justering av løn for støttekontaktar i helse og omsorgstenesta
004/23	Eigarskapsmelding Idrettsanlegg
005/23	Oppstart av planarbeid med høyring og offentlig ettersyn av planprogram for Kommunedelplan for kulturminner i Osterøy kommune, 2016-2026, PlanID 12532015007
006/23	Nedlegging av minibank i Lonevåg
007/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Årsmelding 2022
008/23	Andre saker/spørsmål

001/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

16.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

RFF - 001/23 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

002/23: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå vert godkjend.

16.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det var ingen merknader til møtebok

RFF - 002/23 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 25.11.2023 vert godkjend.

003/23: Behov for justering av løn for støttekontaktar i helse og omsorgstenesta

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 190 kr pr time frå 01.01.2023

15.02.2023 FORMANNSKAPET

Jarle Skeidsvoll, KRF, sette fram slikt framlegg:

"Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023"

Alf Terje Mortensen, FRP, sette fram slikt tilleggsframlegg:

"Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga."

AVRØYSTING:

Jarle Skeidsvoll, KRF, sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Alf Terje Mortensen, FRP, sitt tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

FS - 010/23 VEDTAK:

Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023.

Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga.

16.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møteleiar sette fram slikt framlegg: Rådet støttar innstillinga frå formannskapet.

AVRØYSTING:

Samrøystes

RFF - 003/23 VEDTAK:

Rådet støttar innstillinga frå formannskapet av 15.02.2023:

"Auke løn til støttekontaktar frå 150,55 kr pr time til 200 kr pr time frå 01.01.2023. Det vert lagt inn ei årleg justering likt med lønsoppgjer for frontfaga."

004/23: Eigarskapsmelding Idrettsanlegg

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det skal leggest fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.

Eigarskapsmeldinga skal

- Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.
- Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikehaldsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.
- På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.

Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.

2. Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.

09.01.2023 UNGDOMSRÅD

Leiar for Kultur og mangfald gjekk gjennom saka.

UR - 006/23 VEDTAK:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

15.02.2023 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - 012/23 VEDTAK:

Det skal leggest fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.

Eigarskapsmeldinga skal

- Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.
- Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og

vedlikeholdsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.

- På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.

Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.

Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.

16.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet synast det er svært positivt at det no kjem ein eigarskapsmelding for dette. Utover det som allereie ligg som ein del av saksframlegget har ikkje rådet nokre meir å tilføye saka.

RFF - 004/23 VEDTAK:

1. Det skal leggest fram ei eigarskapsmelding om idrettsanlegg for behandling i Heradsstyret.

Eigarskapsmeldinga skal

- Presentere konsekvensane av om kommunen eller idrettslaga eig idrettsanlegga.
- Legge fram forslag til korleis kommunen skal innrette dei økonomiske verkemidlane ein nyttar for utvikling, vedlikehald og drift til anlegga. Dette gjeld (1) drifts- og vedlikeholdsmidlane, (2) leigekontraktar mellom enkelte idrettslag og Osterøy kommune, (3) dekning av straumutgifter og (4) kommunale tilskot til utvikling og rehabilitering av anlegg.
- På grunnlag av disse to punkta, legge fram ei tilråding om kommunen eller laga skal eige anlegga.

Arbeidsgruppa for Kommunedelplanen i idrett og fysisk aktivitet får utvida sitt mandat til å utarbeide denne eigarskapsmeldinga.

2. Idrettskonsulent Ingri Thomassen vert valt inn som ein del av arbeidsgruppa både for eigarskapsmeldinga og for Kommunedelplanen i Idrett og fysisk aktivitet.

005/23: Oppstart av planarbeid med høyring og offentleg ettersyn av planprogram for Kommunedelplan for kulturminner i Osterøy kommune, 2016-2026, PlanID 12532015007

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033.

Utkast til Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033 vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13

09.01.2023 UNGDOMSRÅD

Leiar for Plan gjekk gjennom saka.

UR - 007/23 VEDTAK:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

25.01.2023 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Alf Terje Mortensen, FRP, sette fram slikt felles tilleggsframlegg på vegne av utvalet:

"Det vert valgt ei arbeidsgruppe på inntil 5 personar som skal arbeide med planen.

Medlemmane vert valgte av eksisterande heradstyre og vert sitjande i utvalet fram til arbeidet med denne planen er avslutta."

AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Utvalet sitt felles tilleggsframlegg vert samrøystes vedteke

PL - 009/23 VEDTAK:

Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033. Utkast til Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033 vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13

Det vert valgt ei arbeidsgruppe på inntil 5 personar som skal arbeide med planen.

Medlemmane vert valgte av eksisterande heradstyre og vert sitjande i utvalet fram til arbeidet med denne planen er avslutta.

15.02.2023 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING:

Plan- og kommunalteknisk utval sin innstilling vert samrøystes vedteke

FS - 009/23 VEDTAK:

Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033. Utkast til Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033 vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13

Det vert valgt ei arbeidsgruppe på inntil 5 personar som skal arbeide med planen.

Medlemmane vert valgte av eksisterande heradstyre og vert sitjande i utvalet fram til arbeidet med denne planen er avslutta.

16.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet følgjer samrøystes innstillinga frå rådmannen.

RFF - 005/23 VEDTAK:

Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033. Utkast til Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune 2024-2033 vert lagt ut til offentlig høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13

006/23: Nedlegging av minibank i Lonevåg

Rådmannen sitt framlegg:

Leiar for råd for menneske med nedsett funksjonsevne sitt framlegg til vedtak:

Osterøy Heradsstyre anerkjenner kontatar som gyldig betalingsmiddel. Fråvær av minibank/nattsafe i Lonevåg vil gje ekstra utfordringar for innbyggjarar, turistar, lag og organisasjonar og industri/næringsliv. Heradsstyret vil på det sterkaste oppmoda Sparebanken Vest til å oppretthalde tilbodet med minibank og nattsafe i Lonevåg.

16.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møteleiar sette fram slikt tilleggsframlegg:

"Rådet rår til å oppretthalde innskotsmaskinen i Arna."

RFF - 006/23 VEDTAK:

Osterøy Heradsstyre anerkjenner kontatar som gyldig betalingsmiddel. Fråvær av minibank/nattsafe i Lonevåg vil gje ekstra utfordringar for innbyggjarar, turistar, lag og organisasjonar og industri/næringsliv. Heradsstyret vil på det sterkaste oppmoda Sparebanken Vest til å oppretthalde tilbodet med minibank og nattsafe i Lonevåg.

Rådet rår også til å oppretthalde innskotsmaskinen i Arna.

007/23: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Årsmelding 2022

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert vedteke slik den ligg føre.

16.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet hadde ingen merknader til årsmeldinga.

AVRØYSTING:

Samrøystes

RFF - 007/23 VEDTAK:

Årsmeldinga vert vedteke slik den ligg føre.

008/23: Andre saker/spørsmål

16.02.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet diskuterte litt omkring pasiantreisar, men det blei ikkje fatta noko vedtak eller avgjerd om konkret handling i saka

RFF - 008/23 VEDTAK:

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

Til å skriva under møteprotokollen saman med leiar for rådet vart desse valde: Ingvild Stuberg og Aksel Låstad

Lonevåg, 16.02.2023

Runar Ludvigsen

Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hilde Revheim Sture	23/893

Referatsaker og meldingar

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
1	Fråsegn frå årsmøtet til LOP Bergen og omland lokallag

"Referatsakene vert tekne til vitande."

Saksopplysningar:

Fra: LOP Bergen <bergen@lop.no>
Sendt: mandag 20. februar 2023 16:02
Til: postmottak@bergen.kommune.no; postmottak@askoy.kommune.no;
Postmottak Bjørnafjorden kommune; Post Osterøy; Postmottak Alver;
Postmottak Voss herad; post@vlfk.no; postmottak@helse-bergen.no
Kopi: Melander Hanne
Emne: [BULK] Fwd: Fråsegn frå årsmøtet til LOP Bergen og omland lokallag
Vedlegg: Digital heile livet.docx; pasientreiser, fråsegn 2023 (1).docx

Landsforbundet for offentlige pensjonister, Bergen og omland lokallag, hadde årsmøte 24. januar 2023. Årsmøtet vedtok fråsegnene under, og sender dei med dette til aktuelle mottakarar med ønske om at desse blir lagt vekt på i framtidig planlegging og tilrettelegging.

Med helsing
Styret i LOP Bergen og omland lokallag

«DIGITAL HELE LIVET»

Solbergregjeringa utarbeidde ein « Nasjonal strategi for økt deltaking og kompetanse i befolkningen» Det er eit opplysnings- og viktig dokument som skulle fylgjast opp med ei handlingsplan frå 2021.

I strategien blei det opplyst at Noreg er eit av dei mest digitale samfunn i verda. Likevel oppgir 89 prosent i undersøkinga til Kompetanse Noreg at dei i ulik grad opplever eit behov for å styrke sin digitale kompetanse i dagleglivet.

Berre tre prosent brukar ikkje internett, smarttelefon, PC eller nettbrett. Dette utgjør 130 000 personar, i hovudsak seniorar.

Mange av desse vil ikkje bli digitale brukarar. Men mange i den store gruppa brukarar ynskjer hjelp til å bli betre.

Mange kjenner seg digitalt sårbare, har manglande generell kompetanse, kjenner på tilgangsbARRIERER, byråkratiske utfordringar, har helseutfordringar m.v.

Det er behov for omfattande opplæringstiltak, og sentrale styresmakter har sett i verk fleire samarbeidstiltak med både private og offentlege aktørar. KS har bl.a. ansvar for ulike opplegg i kommunane. Men desse er ikkje fylgt opp med tilstrekkelege økonomiske ressursar og har ikkje vore tilgjengeleg i alle kommunar.

Skal ein nå ut til alle som har behov for meir kompetanse, må kommunane få midlar til å tilsette fagfolk til å utvikle differensierte opplegg og kunne nå ut til alle som har behov for meir kompetanse.

Ein handlingsplan må også innehalde konkrete tiltak for folk som kjem til å vere «ikkjeditale «resten av livet. Dette gjeld særleg eldre.

«Her må det eksistere analoge alternativ for å unngå at de havner i «digitalt utenforskap», som Eldreombudet skriv i brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om tiltaksplan for «Digital hele livet»" i desember 2021.

LOP Bergen og omland oppmodar regjeringa til å fylgje opp «Digital hele livet» med ressursar og oppdrag til kommunane slik at dei kan makte å tilrettelegge og differensiere tilbod for større digital kompetanse blant pensjonistar og andre som treng det.

I lov og regelverk som heimlar privat verksemd og tenester, bl.a. banktenester må det framleis vere høve til personleg oppmøte og telefonservice. Kravet om at bankar skal ha tilrettelagt for kontantar må vidareførast. Innan transportsektoren må det leggjast til rette for ikkje-digitale billettsystem slik at passasjerar som ikkje brukar t.d. smarttelefon, ikkje blir diskriminerte.

Av omsyn til alle som ikkje vil bli digitale brukarar, må det stillast krav om analoge løysingar både i offentleg- og privat verksemd.

Pasientreiser – ordning med store manglar

Årsmøtet i LOP Bergen og omland har kjennskap til mange klager på pasientreiser. Stikkord er lang ventetid, omstendelig og vanskeleg transport, uklare meldingar, digitale utfordringar og krav om dokumentasjon. Alt dette rammar eldre, men også andre.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne på Osterøy har samla inn ei rekkje erfaringar frå brukarar av pasientreiser. Her er eitt døme: «Skulle ha transport til operasjon på Haukeland. Taxi kom ikke til avtalt tid. Måtte til slutt ta taxi, men kom for sent til operasjon, fikk dermed vente 13-14 dager med store smerter før ny operasjon.»

Pasientreiser er reiser til og frå offentleg godkjend medisinsk eller helserelatert behandling som det offentlege skal dekkja kostnaden for. Kvart år vert det gjennomført rundt ni millionar pasientreiser. For helseforetaka utgjør desse reisene ein kostnad på rundt 2,4 milliardar kroner. Med alle desse pengane skulle me tru at alt var i orden. Slik er det ikkje.

Pasientreiser HF er eige av dei fire regionale helseforetaka. Årsmøtet meiner at interesseorganisasjonane for eldre bør vera representerte i styret for Pasientreiser HF.

Lang ventetid

Her finst det ein omfattande dokumentasjon. På landsbygda kan det vera snakk om mange timar. NRK Troms og Finnmark (heimesida) meldte tidleg i juli 2022: «Helge (83) gruer seg mer til reisen enn til sykehusbehandling. Helge Utby sier han måtte vente sju timer for skyss hjem, uten tilbud om mat eller drikke.» Også i byar kan ventetida verta lang.

Transporten

Det er oftast mange i same bilen, og det vert lett trangt og vanskeleg for sjuke folk. Med fleire adresser vert turen ofte svært lang for den einskilde. Her er det svært mange døme, også frå Bergen og omland.

Uklare meldingar

Det gjeld sjukehus og legar, men også sjåførar, som ofte ikkje meistrar norsk på ein tilfredsstillande måte. Aktuelle sjåførar kan vera hyggelege, men ofte svært vanskelege å forstå. Eit avgjerande spørsmål er om anbudsordninga med val av drosje er forsvarleg. Lokale drosjeselskap med sjåførar som har god kjennskap til kommunen, vert utkonkurrerte.

Digitale utfordringar

Pasientreiser tek utgangspunkt i at pasientane meistrar det digitale. Mange har ikkje tilgang til Helsenorger. Spesielt vil eldre her ha utfordringar. Det inneber at dei som mest har behov for ordninga med pasientreiser, vil ha store problem når det gjeld utfylling av søknad mm.

Krav om dokumentasjon

Pasientreiser gjeninnfører dokumentasjonskravet: «Fra 1. juni 2022 må du som pasient vise dokumentasjon fra behandleren din for å få dekket tilleggsutgifter som parkering, bom og bilferge hvis du har kjørt bil til behandling.» Det kan vera gode grunnar for dette kravet. Samtidig vil slik byråkratisering stilla nye krav til pasientane, spesielt dei eldre.

Årsmøtet viser til fråsegna, og ber styret om at ho vert send til statsråd Ingvild Kjerkol og andre relevante mottakarar. Styret bør i oversendinga presisera punktet om styre-representasjon.

Styret

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/23	Eldrerådet	PS	30.03.2023
012/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ingri Thomassen	23/348

Innspel til utstyr på utstyrssentralen

Vedlegg:

Spørjeskjema

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Råda gjev innspel til innhald på utstyrssentralen i vedlagt skjema

Saksopplysningar:

Saksopplysningar: Heradsstyret vedtok 19.10.22 (sak 088/22) å opprette frivillig- og utstyrssentral. HS – vedtak:

Osterøy kommune opprettar frivillig- og utstyrssentral så snart det lar seg gjere.

- Frivillig- og utstyrssentralen i Lonevåg må ha ei likeverdig vekting av dei to ansvarsområda. I tråd me kravet til statsstøtte må det knytast ei hel stilling til Frivilligsentralen.

- Frivillige lag og organisasjonar må involverast i arbeidet med å utvikla frivillig- og utstyrssentralen.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet yter tilskot til utstyret som skal vera tilgjengeleg for utlån i sentralen. Målgruppa for ordninga er born og unge som står i fare for utanforskap og utstyr til målgruppa vert prioritert i innkjøpsfasen. Bufdir anbefalar medverknad frå innbyggjarane i kommunen i utviklinga av utstyrssentralen.

22.11.22 (sak 057/22) gjorde ungdomsrådet slikt vedtak: *Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, og ønskjer meir informasjon om frivillegsentralen når ein er komen lengre i prosessen. Ungdomsrådet tilrår at administrasjonen lagar eit kartleggings skjema som kan nyttast til å finna ut kva for utstyr som trengs på utstyrssentralen.*

Bakgrunn

Medverknad frå råda i utviklinga av utstyrssentralen gjennom å svare ut kartleggings skjema Dette skjemaet er sendt ut digitalt blant anna til frivillige lag og organisasjonar, til tilsette som arbeider tett på målgruppa og til ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vurdering

Råda gjev innspel til innhald på utstyrssentralen i vedlagt skjema

Folkehelse

Å vera fysisk aktiv, mosjonere og vera ute i naturen er helsefremjande for barn, unge, vaksne og eldre. Ein utstyrssentral vil bidra til utjamning av sosiale skilnader, der alle kan låne gratis utstyr til å

drive idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Miljø

Tilgang til å låne utstyr i staden for å kjøpe, reduserer forbruket.

Økonomi

Oppretting av utstyrssentral er eit tiltak for å gjera det mogeleg å vera fysisk aktiv utan økonomiske begrensningar. Midlar til å finansiere utstyret i sentralen er primært tilskot frå bufdir si ordning «lokale retningslinjer for tilskot til inkludering av barn og unge» under deltilskotet «utstyrssentral».

Konklusjon

Saka vert lagt fram for handsaming i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Utstyr til utstyrssentral

Kva utstyr ynskjer du/de å kunne låne på utstyrssentralen på Osterøy?-Skriv opp så mange forslag du vil

Spørsmål	Svar
Idrett – sportsutstyr	
Friluftsliv – til bruk i naturen	
Fritid generelt – som leik, spel og liknande	
Andre?	

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.03.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hilde Revheim Sture	23/893

Andre saker/spørsmål

Saksopplysningar: